

Eksamen

24.11.2016

BLK2002

Dokumentasjon og kvalitet

Programområde: Bilskade, lakk og karosseri

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<ul style="list-style-type: none">• Når du løyser oppgåva, må du beskrive dei vala du tar og grunngi dei• Kompetansen din i faget, ut ifrå kompetansemåla i læreplanen, viser du ved å:<ul style="list-style-type: none">○ presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunkta og forslaga dine til løysing på oppgåva○ trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva○ gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine○ meistre relevante, grunnleggjande ferdigheiter○ bruke eksempel der det er relevant○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein hensiktsmessig og påliteleg måte
Andre opplysningar	

Oppgåve

Gi svar på desse spørsmåla:

Du er tilsett som lærling på ein karosseriverkstad, og er i gang med å montere utstyret til firehjulsmåling av hjulvinklane da eigaren av bilen kjem innom for å sjå korleis det går med bilen sin.

1. Korleis vil du ta imot denne kunden?

Bilen hadde ein kraftig frontskade, og måtte i jigg for å justere rammevangar og innerskjermar. Noko som også førte til at ganske mykje av hjulopphenget framom på begge sider måtte skiftast.

2. Kunden synest dette med justering av hjulvinklar ser veldig interessant ut og ber deg forklare han kva desse vinklane heiter, og kva for funksjonar dei har når ein er ute og køyrer. Han lurar også på om det finst nokon krav til styringa, og om nokre bilar styrer betre enn andre bilar.
3. Han spør deg også om fargen på bilen vil stemme med dei nye delane som blir skifta ut. Han er litt engsteleg for om ein vil kunne sjå at bilen har hatt ein kollisjonsskade.
4. Det er første gongen han er inne på ein karosseriverkstad, og det er første gongen han møter ein lærling i bilskadefaget. Han er nysgjerrig og spør deg om kva for eigenskapar ein god bilopprettar må ha, og om korleis vegen fram til eit fagbrev er.

Gi kunden nokre gode svar på desse 4 oppgåvene.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<ul style="list-style-type: none">• Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse• Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none">○ presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven○ trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger○ gjøre rede for resultatet/ konsekvensene av dine faglige valg○ mestre relevante grunnleggende ferdigheter○ bruke eksempler der det er relevant○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte
Andre opplysninger	

Oppgave

Gi svar på disse spørsmålene.




Du er ansatt som lærling på et karosseriverksted, og er i gang med å montere utstyret til firehjulsmåling av hjulvinklene da eieren av bilen kommer innom for å se hvordan det går med bilen sin.

1. Hvordan vil du ta imot denne kunden?

Bilen hadde en kraftig frontskade, og måtte i jigg for å justere rammevanger og innerskjermer. Noe som også førte til at ganske mye av hjulopphenget foran på begge sider måtte skiftes.

2. Kunden synes dette med justering av hjulvinkler ser veldig interessant ut og ber deg forklare ham hva disse vinklene heter, og hvilke funksjoner de har når man er ute og kjører. Han lurert også på om det finnes noen krav til styringen, og om noen biler styrer bedre enn andre biler.
3. Han spør deg også om fargen på bilen vil stemme med de nye delene som blir skiftet ut. Han er litt engstelig om man vil kunne se at bilen har hatt en kollisjons skade.
4. Det er første gangen han er inne på et karosseriverksted, og det er første gang han møter en lærling i Bilskadefaget. Han er nysgjerrig og spør deg hvilke egenskaper en god biloppretter må ha, og om hvordan veien er fram til et fagbrev.

Gi kunden noen gode svar på disse 4 oppgavene.



www.vigoiks.no/eksamen